



Ein  
«stølstur»  
gjennom  
stor slått  
natur.

A walk to a  
mountain  
farm,  
through  
unique  
nature.



Tvinnefossen.

Foto: Sveinung Klyve

### Rute og ymse av interesse

Terrang: Gardsveg, sti og traktorveg. God stigning i starten, ellers relativt flatt. Høgdeforskjell 191 meter.  
Tid: 1 1/2 - 2 timar. Ca. 4 km t/r.

Vi svingar av E16 ved Tvinde Camping og inn på gardsveg merka Afdal. Ca. 2 km til parkeringsplass her (1).  
Gå gjennom ei grind ved parkeringsplassen. Etter ca. 50 meter inn på T-

### Route and places of interest

Terrain: Farm road, footpath, tractorway. Uphill at first, otherwise flat. Elevation 191 metres.  
Time: 1.5 - 2 hours. Round-trip 4 km.

Turn left off the E16 at Tvinde Camping, carry on along the farm road marked to Afdal, about 2 kms. Park here (1).  
Pass through a gate and take the «T»-marked trail up the hill to the left,



merka sti til venstre opp ein bakke. Den første delen er svært bratt. Eit stykke oppe er det tau til å halda seg i, noko som er til god hjelp for mange.

Vi går gjennom fantastisk natur langs brusande elv og fossar og ein må vera varsam på skrentane mot fossen. Den flotte fossen deler seg ut i fleire fossar og lokale turgåarar kallar denne fossen for «Dei 7 søstre».

Etter den bratte kneiken er ein på toppen og terrenget flatar seg ut. Naturen her er heilt spesiell og må opplevast. Stien har fast følgje med elva heilt fram til Preststølen (3). Litt før ein er framme ved Preststølen går stien saman med ein traktorveg (2). Her ligg fine stølar og vollar som innbyr til ein rastepause.

Namnet «Preststøl» kjem av at den eine stølen i gamal tid høyrde til prestegarden på Voss. Stølsgrenda er omkransa av skog, og gjer til at utsikta ikkje er så vid, men i himmelsynet ser ein Lønahorgi.

Vi følgjer traktorvegen attende til Afdal og parkeringsplassen.

about 50 metres from the car park. The first part is very steep. Take care, there are steep edges along the river and the waterfalls. Children must be kept away from the edge.

The river is lively and wild until it settles down in stretches before exploding into idyllic waterfalls.

The fall divides into seven smaller falls and is known as «The Seven Sisters». Count them!

Once you've reached the top the trail levels off.

The scenery here is unique and the walk along the footpath, which follows the river all the way to Preststølen, must be experienced. Just before you arrive at Preststølen the path joins a tractorway. There are pleasant pastures and mounds here, inviting you to rest for a while.

The name Preststøl is derived from earlier times when one of the «støler» -summer pastures- belonged to the Prestegarden, literally «the priest's house» or vicarage at Voss.

Stølsgrenda -the pastures- are surrounded by forest, restricting the view a little, but you can see Lønahorgi Mountain with the TV mast at its summit.

The marked trail continues to Tvinnestølen but we turn back here, taking the same path back to Afdal - or go back on the tractor road.

---

#### **Hugs:**

*Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.*

#### **Remember:**

*The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.*

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.